

Vistekleiven, Ringneset, Øygardsneset mm.

gard og slekt

Av Knut Raastad, april 2025



Nordre Ringnesset, frå eit gammalt avisutklipp. Utlån: Hallstein R. Brenden

Vistekleiven

Kleiven var på 1600-talet krongods. Matrikkelen 1668 viser at Thor Øy nedre oppigard brukte 3 skinn og Johannes Blessum nordgard brukte 3 skinn av Kleiven engeland.

I 1723 var Anders Olsen nordgard Viste eigar av Viste med underliggjande Kleiven. Skoskatten 1711 viser at Anders hadde ein husmann Erik Olsen, men det er usikkert om han var på Kleiven.

I 1729 vart det tinglyst bygsel på øvre Kleiven 4 skinn frå Anders Olsen til Ole Thoresen.

Syver Andersen nigard Viste kjøpte engelandet Kleiven frå kronen i 1759. Syver 1697-1769 var gift med Ragnhild d.y. Andersen nordgard Viste f.ca.1720 d.ca.1760 dotter til Anders Olsen Viste f.ca.1661 d.1742. Syver og Ragnhild hadde 5 barn, bl.a.:
Ole f.ca.1741 d.1783, neste brukar

I 1769 var det skøte frå syskjena Anders, Anders d.y. og Christen Syversen og Kari Syversdtr. til broren Ole Syversen på engelandet Kleven 8 skinn for 200 rd. Ole Syversen vart nemnd på Kleven i liste over husmannspengar i 1777. Ole Kleven vart nemnd i 1780.

I 1783 var det auksjonsskjøte på Kleven engeland 8 skinn til Anders Syversen d.y. nig. Viste for 200 rd. Anders Syversen d.y. selde nigard Viste med Kviten i 1795, da ser det ut til at han heldt att Kleiven.

I 1787 var det skjøte på 4 skinn i Kleven engeland frå Anders Syversen d.y. til Gunild Wisted for 150 rd., ho var brukar på nordgard Viste. Det er mogleg at dette har vore omgjordt, for kjøpet i 1797 omfatta heile Kleiven 8 skinn.

Simen Pålsen Tolstad (Øi og Viste) 1767-1849 kjøpte nigard Viste med Kviten 3 huder 1 skinn i 1797. Simen Pålsen kjøpte same året 1797 engelandet Kleven 8 skinn på auksjon for 450 rd., og i 1818 er nemnd at Viste med Kleven engeland utgjer 3 huder 9 skinn.

Christen Siversen vart nemnd under Stranden og Viste i liste over husmannspengar i 1780. Dette kan ha vore bror til Anders på Viste, Christen f.1755 som var ugift i 1801.

Vistekleiven øvre

Syver Knutsen f.ca.1817 d.1891 var i 1865 husmann med jord på øvre Vistekleiven under nigard Viste. Syver Knutsen Brustugu fødd i Vågå var son til Knut Knutsen Haugen, Fron.

Syver vart 1841 gift med Marit Jakobsdotter Stordalen, Sel f.ca.1813 dotter til Jakob Stordalen. Syver og Marit hadde 5 barn:

- Iver f.1843, til Amerika 1869
- Ragnild f.1845, til Rennebu 1866
- Peder f.1849, til Amerika 1870
- Imbjør f.1853, til Rennebu 1866
- Ole f.1855

Syver vart 1886 gift på nytt med Sigrid Olsdotter Skultbakken f.ca.1850 dotter til Ole Pedersen. Syver og Sigrid hadde 1 barn:

- Mari f.1886

Thor Johannesen fekk i 1845 husmannsfeste på eit jordstykkje på Kleiven frå Thor Simensen Viste. Thor Johannessen 1817-1898 var i 1865 husmann med jord på midtre Vistekleiven under nigard Viste, så da var dette to bruk. I 1875 var Thor på øvre Vistekleiven så da har han nok også overtek det som Syver Knutsen hadde ti år før. Thor Johannesen Valbjørgsløkken var son til Johannes Thorsen. Thor vart 1842 gift med Brit Thorsdotter Stafseng f.ca.1812 d.1891 dotter til Thor Braaten. Thor og Brit hadde 4 barn:

- Syver f.1841, neste brukar
- Imbjør f.1846-1870
- Ole f.1850
- Kari f.1853

Syver Thorsen var i 1900 husmann med jord på øvre Vistekleiven, ved barnefødselar 1891-1896 var familien inderstar på Vistekleiven. Syver vart 1876 gift med Ragnhild Knutsdotter Helleløkken 1851-1883 dotter til Knut Olsen Helleløkken. Syver og Ragnhild hadde 2 barn:

- Knut f.1876
- Thor f.1879

Syver vart 1889 gift på nytt med Rønnaug Olsdotter Sandnesulen f.ca.1858 dotter til Ole Jonsen. Syver og Rønnaug hadde 5 barn:

- John f.1886
- Iver f.1891
- Ole 1894-1990, g.m. Gunhild Stordalen 1899-1977. Til Rundhaugen.
- Hans 1896-1898
- Ragnhild f.1900

Syver hadde med Imbjør Hansdtr. Veien 1 barn:

- Hans f.1872

Vistekleiven gnr. 84 bnr. 2 vart 1903 frådelt frå oppigard Viste gnr. 84 bnr. 2 med skjøte 1906 frå Paul Thorsen Viste til Ole Pedersen Brostuen for kr 3000. Nedre Vistekleiven gnr. 84 bnr. 4 vart seinare i 1906 frådelt frå Vistekleiven. Ole P Brostuen 1867-1948 overtok Brustugu i 1895.

Anders G Strand på nordpå Strond må ha overteke øvre Vistekleiven ein gong mellom 1906 og 1912. Kleivbakken gnr. 84 bnr. bnr. 5 vart frådelt frå Vistekleiven i 1912, dette har sidan følgd nordpå Strond gnr. 135 bnr. 1 og 2.

I 1912 var det skjøte frå Anders G Strand vedteke av Ole P Brostuen til Paul A Øien for kr 2750. Paul Andersen Lien eller Øjen 1878-1975 var son til Anders Pedersen. Paul vart 1901 gift med Guri Knutsdotter Grindstuen 1874-1939 dotter til Knut Kristensen. Familien var i 1910 på søre Haugen i Holungøyen. Paul og Guri hadde 9 barn:

Anders 1899-1967, g.m. Maria Olsdr. Ulsanden s. 1898-1975

Knut 1901-1978, g.m. Marit Ingebretsdtr. Botten, Lom 1900-1990. Til Vetlesæter i Lom.

Ole 1903-1978, g.m. Kari Knutsdtr. Ødegård 1906-1990

Hans 1905-1977, g.m. Marit Syversdtr. Bakken ø. i Synslien 1909-1987.

Simen 1908-1994, g.m. Helma Flatåsen 1909-1994.

Jakob 1911-1997, g.m. Klara Torsteinsdtr. Brun 1915-2001

Gudbrand 1914-1989

Gunhild f.1916

Pål f.1919, g.m. Ida Iversdtr. Øyen Kveen 1920-2003.

Guri hadde med Knut Iversen Kvernhusbakken f.1873 1 barn:

Jakob f.1893-1963, g.m. Marit Syversdtr. Grothe, Sel 1897-1986

I 1940 var det auksjonsskjøte til Ola P Kleiven for kr 1700.

I 1950 var det skjøte frå Ola P Kleiven til broren Pål P Kleiven f.1919. Pål vart 1940 gift med Ida Kveen, dei hadde 3 barn:

Guri f.1940

Magne f.1942

Kåre f.1946

I 1972 var det skjøte på Vistekleiven frå Pål P Kleiven til staten.

Kleivro gnr. 84 bnr. 8 vart frådelt frå Vistekleiven i 1972, dette er husa ovanfor vegen aust for dei andre husa. Pål Kleiven fekk skjøte på dette frå staten i 1988.

I 1976 var det skjøte til Sverre Letrud f.1919. Sverre Letrud, Nord-Fron var son til Ola Sagflaten, Vågå og Rønnaug Letrud. Sverre vart 1942 gift med Agna Kristine Nettet f.1921 dotter til Knut O Nettet og Agnes Nygård, Våler i Østfold. Sverre og Agna hadde 4 barn:

Astrid f.1943, g.m. Finn Melby

Knut Ole f.1944, g.m. Kari Aurud

Asbjørn f.1948, g.m. Reidun Haug

Elisabeth f.1959, sbm. Terje Odde

På 1980- og 1990-talet var det forpaktarar på Vistekleiven.

Eigar frå 1997 er Hans Petter Vaberg f.1970. Han er son til Hans Vaberg f.1944 og Vigdis Ødegård f.1947. Hans Petter er sambuar med Mai Elin Ulsanden f.1973 dotter til Kåre I Ulsanden f.1946 og Liv Rusten f.1952. Barna er

Cato René f.1995

Julian f.2004

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997

Vistekleiven nedre

Lars Iversen f.ca.1815 d.1887 var i 1865 og 1875 husmann med jord på nedre Vistekleiven.

Lars var son til Iver Olsen Randen. Lars Vistekleiven vart 1855 gift med Rønnaug Johnsdotter Gaardshaugen f.ca.1828 dotter til John Olsen Gaardshaugen. Lars og Rønnaug hadde 2 barn:

John f.1859, neste brukar

Rønnaug f.1862, ugift på Vistekleiven i 1900

John var i 1900 husmann med jord på nedre Vistekleiven. John vart 1883 gift med Berit Eriksdotter Garmoseige 1859-1934 dotter til Erik Jakobsen. John hadde utanfor ekteskap med Gunhild Jacobsdotter Sveeige 2 barn:

Rønnaug f.1879

Ragnhild f.1880

Nedre Vistekleiven gnr. 84 bnr. 4 vart 1906 frådelt frå Vistekleiven gnr. 84 bnr. 2 med skjøte 1907 frå Ole P Brostuen til John Grovdalen for kr 1200. Jo Olsen Grovdalen f.1865 var i 1910 gardbrukar. John vart 1889 gift med Marit Jørgensdotter Bakken f.ca.1858 d.1898 dotter til Jørgen Eriksen. Ved barnefødsalar var familien på Runningen under Øy frå 1893. John og Marit hadde 3 barn:

Marit 1890-1962, neste eigar

Jørgen f.1893

Anne 1896-1898

John vart 1900 gift på nytt med Gunhild Knutsdotter Haugen f.1857 dotter til Knut Eriksen. Familien budde i 1920 på søre Bakken i Synslien. John og Gunhild hadde 3 barn:

Kari f.1899

Hans f.1905

Torsten f.1907

I 1929 var det skjøte frå John Olsen Kleiven til dottera Marit Runningen 1890-1962 for kr 4000 inkl. lausøyre kr 600 samt føderåd verdsett til 1500. Marit var gift med Gulbrand Strand 1906-1989, han fekk heimel etter at Marit døydde i 1962.

I 1975 var det skjøte frå Gudbrand Strand til Ragna J Spakrud f.1921.

I 1980 var det skifteskjøte til staten.

Sverre Letrud f.1919 kjøpte nedre Vistekleiven med skjøte i 1981, etter dette har bruket vore saman med øvre Vistekleiven.

Bustadhuset gnr. 84 bnr. 9 vart frådelt i 1977, Inger Randi Spakrud f.1969 fekk skjøte i 1978.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997

Ringnesset søre

Knut Amundsen f.ca.1750 var i 1801 bonde og brukar av ein liten gard på Ringnesset. Knut var gift med Anne Halstensdotter f.ca.1747. Anne Ringnesset vart nemnd i liste over husmannspengar i 1833.

Jakob Jakobsen Ringnesset f.1814 frå nordre Ringnesset var son til Jacob Olsen. Jakob vart 1842 gift med Kari Johnsdotter Valde n. f.1814 dotter til John Hansen. Jakob og Kari var i Ringnessæteren, Hallvardløkken og søre Ringnesset i 1865, i søre Ringnesset og Hallvardløkken i 1875. Jakob og Kari hadde 6 barn:

Iver 1842-1845

Kari f.1844, til Nordland 1880

Iver f.1846, til Flakstad i Lofoten 1871, g.m. Nemina Olsdtr. f.1856, i Langenes

Jakob f.1849, til Nordland 1876, g.m. Karolina Nilsdtr. f.1854, i Langenes

Anne f.1852, til Nordland i 1880, ugift, til Østfold i 1881

John, 1856-1938, til Buksnes, Nordland 1879, g.m. Karen Brynnilsdtr., Gloppen 1858-1949

Ved utskifting av Stranden i 1877 møtte Erik Hansen Ringnesset, og han skreiv same året ut eit pantebrev til Jakob Jakobsen. Erik Hansen kjøpte også Halvardlykkja dette året. Erik var gift med Marit Sølfestdotter. Dette kan vera Erik Hansen Nyhus, Lom f.ca.1836 d.1916 og Marit Sølfestsdotter, Lom f.ca.1842 d.1916, dei kom til nedre Runningen i Lom. Erik og Marit hadde 8 barn:

Hans f.1862, g.m. Theodine Sugaard. Til Saksumdal

Sylfest 1866-1867

Sylfest f.1868, g.m. Maja Ivarsdtr. Lunde f.ca.1870 d.1911. Til søre Helstad

Ola f.1872, på nedre Runningen

Lars 1874-1883

Anton f.1878, fødd på Ringneset
Marit 1881-1891
Anne 1884-1891

Sagbakken og Søre Ringneset gnr. 134 bnr. 1 vart skyldsett i 1874. I 1881 var det auksjonsskjøte på Halvardlykkja og søre Ringneset til sakfører Krohg for kr 400. I 1882 var det kjøte på søre Ringneset og Halvardlykkja frå sagfører Krohg til Øistein E Kvarberg for kr 600.

Jon Pedersen Ringneset f.1856 var i 1900 og 1920 husmann med jord under oppigard Kvarberg. Også i 1891 vart han nemnd som Ringneset. John Pedersen Skultbakken var son til Peder Olsen Einstulen 1826-1877 og Rønnoug Knutsdotter Flatåsen 1823-1889. John vart 1885 gift med Marit Arnesdotter Flatum f.ca.1849 dotter til Arne Andersen. John og Marit hadde 4 barn:

Rønnaug 1880-1917, g.m. Ole Olsen Einstulen 1878-1954
Ole f.1885
Anders f.1887
Ymbjør f.1891

Søre Ringneset gnr. 134 bnr. 2 vart frådelt Saghaugen og Ringneset gnr. 134 bnr. 1 i 1952 med kjøte frå Erik oppigard Kvarberg til Ola Odnnes. Ola 1922-2020 var frå Øygardsneset son til Knut Odnnes f.1878 og Eldri Aasheim f.1887. Ola vart 1947 gift med Kari Visdal 1924-2006 dotter til John Visdal f.1890 og Hanna Bakken, Lom f.1902. Ola og Kari hadde 5 barn:

Knut f.1948, g.m. Bodil Uhlen. Til Øygardsneset
Hanna f.1954, g.m. Terje Erik Berget
John Egil f.1960, g.m. Åse Bruøygard. På Øygardsnessætra
Ivar f.1963, gift/skild m. Marit Ulvolden
Arnt f.1966, sbm. Ann Kristin Steinfinnsbø

Rikard Odnnes f.1995 har heimel til eigedommen frå 2020. Rikard overtok etter bestefaren, han er son til John og Åse Odnnes.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Norske gardsbruk 1953 – 1997

Ringneset nördre

Etter utskiftinga av Strandens sameige i 1877 tilhøyrd Ringneset gardane Fellese og oppigard Viste med ein halvpart kvar, bruket var ikkje eit ordinært husmanns- eller festebruk der eigarane kunne krevja kontrakt. Det var ikkje knytta arbeidsplikt til bruket. Statusen

var såkalla *arvefestebruk* der retten til bruket gjekk i arv frå generasjon til generasjon, og med same leigesummen som alltid hadde vore. Denne årlege avgifta var 8 Mark (kr 6,40). Før utskiftinga gjekk avgifta til Stranden sameige.

Ved folketeljinga 1801 var Guri Olsdotter f.ca.1722 d.1801 enkje og hadde føderåd. Truleg heitte mannen Ole. Ole Ringnesset vart nemnd i liste over husmannspengar i 1780. Ole og Guri hadde 2 barn:

Ole f.ca.1755

Gunhild f.ca.1757, hadde dottera Guri Jakobsdtr. f.ca.1800

Ole Ringnesset f.ca.1755 var i 1801 bonde og gardbrukar. Ole var gift med Marit Christensdtr. Holen f.ca.1752, d.ca.1846. Ole og Marit hadde 4 barn:

Jakob 1786-1850, neste brukar

Ole f.ca.1789 d.1876, g.m. Rannei Syversdtr. Kleppeie f. ca.1794 d.etter 1865, i øvre Bråtå.

Anne f.ca.1793 d.1869 g.m. Sven Olsen Bakken 1788-1867, i Sønstelibakken

Guri f.ca.1797 d.1865 g.m. Nils Gulbrandsen Sandbueie 1794-1873, i Eksismoen.

Jakob Olsen Ringnesset 1786-1850 var gift med Anne Jakobsdtr. Stavsen 1786-1852. Jakob vart nemnd i liste over husmannspengar i 1833. Jakob og Anne hadde 6 barn:

Ole 1811-1902, neste brukar

Jakob f.1814, g.m. Kari Johnsdtr. Valde n. f.1814, i Ringnesseteren, Hallvardløkken og søre Ringnesset i 1865, i s. Ringnesset og Hallvardløkken i 1875.

Mari 1817-1871, ugift, i Ringnesseteren (Maristuen).

John 1820-1882, g.m. Guri Olsdtr. Sønsteng f.1820, i Bondesenplass.

Rannei 1823-1882, g.m. Knut Rasmussen Brun nedre 1817-1891.

Anne 1826-1917, g.m. Nils Rasmussen Brun 1831-1919.

Ole 1811-1902, gift med Guri Olsdtr. Aabakken 1803-1880, i nördre Ringnesset og Ringnesseteren. Ole vart nemnd som fiolinspiller i folketellinga 1875. Ola og Guri hadde 3 barn:

Jakob 1836-1914, neste brukar

Ole 1839-1844

Toline f.1843, g.m. Jakob Storlien (Skjåk) f.1834.

Jakob Olsen Ringnesset 1836-1914 var gift med Guri Nystuen 1837-1914, dei hadde 6 barn:

Ola 1862-1933, g.m. Kari Hølmo 1860-1938, kjøpte u.Visdal 1907 og n.Visdal 1918.

Kristen 1865-1953, neste brukar

Kari f.1869, til USA i 1891, g.m. Reinhart Rolofsen.

Anne 1872-1937

Jakob f.1874 til USA 1893, g.m. Anne Dahl.

Ole d.y. f.1877 til USA, skifta namn til Olaf Walberg, g.m. Mari Dahl.

Kristen var brukar i nördre Ringnesset til 1930. Hadde med Anna Biløygard f.1868 1 barn:

Rolv Moen 1893-1961, g.m. Oline Høiberg 1898-1965. I Lom

Anne 1872-1937 hadde med Tor Kleiven 1879-1959 1 barn:

Syver Ringnesset 1906-1975, neste brukar

Syver Ringnesset var gift med Marit Strand 1909-2003, dei var brukarar i nordre Ringnesset 1930-1975. Syver overtok etter onkelen Kristen. Han overtok Ringnessetra i 1917 frå Jakob Ringnesset. Syver og Marit hadde 1 barn:

Anne f.1938, neste eigar

Anne overtok etter foreldra. Nordre Ringneset gnr. 68 bnr. 14 vart 1996 frådelt frå Fellese gnr. 68 bnr. 1 samt at det var frådelling frå oppigard Viste gnr. 84 bnr. 1. Anne var gift med Jakob Brenden f.1927. Dei har 1 barn:

Hallstein f.1936, neste brukar

Hallstein overtok i 2010.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997

O. M. Høgåsen: Spelmenn i Vågå og Sel og Heidal, Årbok for Gudbrandsdalen 1969

Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom, bind 2

Tor Stallvik: slektstre utarbeidd til Ringnes-konsert, jan.2011

Utskrift av dom om Ringnesset avsagt 1906

Pål Øysten Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom, 2000: Stafesengslekten med forgreiningar, slekten på Einarsvoll mm., slekten på Storvik nordre og Aabakken m.m, slekten på Fellese med Viste søre-rekken

Bukkesteinen

Hans Olsen Strand 1802-1864 var frå Strondbakken, son til Rønnaug Eriksdtr. Strond n. 1771-1847 og Ole Amundsen. Hans vart 1829 gift med Synnev Andersdotter Strand 1800-1893 dotter til Anders Engebrectsen og Ymbjør Christensdtr. Ved barnefødsel i 1836 var Hans og Synnev busette på «Høgkleven» som truleg er Bukkesteinen. Synne budde i 1891 på nordgard Viste. Hans og Synnev hadde 2 barn:

Erich 1829-1912, seinare brukar

Christen 1836-1896, neste brukar

Christen Hansen Stenen 1836-1896 vart 1858 gift med Mari Johnsdotter Barhaugen, Sel f.ca.1832 d.1879 dotter til John Andersen Schjennaeie. I 1875 var familien i Bukkesteinen.

Christen og Mari fekk 1 barn:

Imbjør f.1870

Christen vart gift på nytt med Anne Jonsdotter Ringneset f.1854 og dei flytta til Kvernstugu i Garmo i 1881. Dei hadde 5 barn.

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Bukkesteinen under nordgard Viste. Bruka i Stranden var ikkje ordinært husmannsbruk med arbeidsplikt, og forskjellen vart at festeavgifta skulle betalast til Viste i staden for Stranden sameige.

Mellom 1875 og 1880 kom det ny familie til Bukkesteinen. Ole Hansen Skultbakken f.ca.1824 d.1892 var son til Hans Olsen Jukulen. Ole vart 1854 gift med Imbjør Hansdotter Sønstelien f.ca.1826 d.1897 dotter til Hans Arnesen Sønstelien. Dottera vart nemnd som Bukkesteinen i 1880. Ole og Imbjør hadde 7 barn:

Anne 1849-1931, g.m. Imbert Skjellum Krokum 1847-1925

Brit 1854-1927, neste familie

Hans 1857-1863

Ole f.1860, til Lom

John f.1863

Imbjør 1867-1925

Hans f.1869, til Sekken i Møre og Romsdal

Brit 1854-1927 vart 1887 gift med Anders Jacobsen Skotlien 1856-1939 son til Jakob Olsen. Familien budde i Bukkesteinen i 1900. Brit hade 3 barn:

Imbjør 1880-1925, faren var Jacob Odin Iversen Skjelhaugen 1860-1931 som reiste til USA, Imbjør g.m. Hans Engebretsen Veien. Til Dalestugu og Ulsand gut 1885-1885, faren var Knut Knutsen Ruskeløkken

Anne, f.1886, faren var Ole Pedersen Skultbakken 1865-1949 som reiste til Canada, Anne g.m. Kristian Johansen

I 1910 var den gamle familien attendekomne til Bukkesteinen. Erik H Steen 1829-1912 var gift med Sirianna Haldorsdotter Aavangen, Bolsøy Molde 1839-1923 dotter til Haldog Toresen Bottemsløkken 1797-1847 og Anne Nilsdr. Kjorstadmoen f.ca.1800. I 1900 budde Erik og Sirianna Bukkesten i gammelstugu på Landet. I 1875 og 1900 står det at Erik var målar. I 1920 budde Serianne på gamle Sagbakken. Erik og Sirianna hadde 4 barn:

Hans 1864-1930 f. i Rennebu, neste brukar

Sina f.1869 i Kristiansund

Halvor 1872-1963 f. i Næsset/Eidsvågen, g.m. Katrine Fredrikke Larsdotter 1866-1936. Til Sagbakken

Andreas f.1874 i Tingvold

Hans E Steen 1864-1930 dreiv også med målararbeid. Hans var gift med Anne Eilivsdotter Mallaugstrædet, Skjåk 1855-1937 dotter til Eiliv Johannesen Mallaugstrædet 1828-1900 og Anne Haldorsdr. Bottemsløkken, Lesja 1835-1918. Hans og Anne hadde 2 barn:

Sina Antoline 1887-1968, g.m. Johan Olsen 1883-1918

Anna f.1890

Hans Steen hade 2 barn med Anna Eline Andersen/Vang, Trondheim f.1868:

Hilmar f.1897, f. i Gimnes, Romsdal

Marie f.1900, f. i Trondheim

Hans vart gift på nytt med Oline Larsdotter 1880-1963, fødd på Tingvold, dotter til Lars Johannesen Bergsli f.1843 og Marit Olsdtr. f.1852. I 1910 og 1920 budde familien i Bukkesteinen. Seinare budde Hans og Oline i ei stugu på eit myrlendt område innanfor Tamburhaugen. Hans og Oline hadde 5 barn:

Anna Olava 1904-1904, f. i Tingvoll

Liva Marie f.1908-2001 i Kristiansund, g.m. Thor Olav Simahaug, Lesja 1915-2005

Kaspara f.1913 i Foldal, g.m. Peder Heimdal

Signe f.1915 i Vågå, g./smb. Herman Fridtjof Steen 1907-1989, g.2.m. Nikolai Wihelmsen

Emma 1918-2001 f. i Vågå, g.m. Bjarne Engh, Kolbu 1920-2005

Bukkesteinen vart under namnet Bergheim gnr. 83 bnr. 2 frådelt frå nordgard Viste i 1956 med skjøte frå Ivar J Viste til Jakob P Kleiven. Jakob 1911-1997 var son til Pål Vistekleiven f.1878 og Guri Grind f.1874. Jakob vart 1934 gift med Klara Torsteinsdotter Brun f.1915 frå Bondestugu dotter til Torstein Brun og Ragnhild Lilleseier, Lom. Jakob og Klara kom til Bukkesteinen i 1934. Jakob og Klara hadde 3 barn:

Ragnhild f.1934, g.m. Helge Refsahl

Jon 1942-1971, g.m. Solveig Holø, Skjåk f.1944. Til øvre Holø.

Anne Lise f.1944

I 1971 var det skjøte frå Jakob Kleiven til dottera Ragnhild Kleiven Refsahl f.1934.

Stein Erik Refsahl f.1956 fekk heimel på eigedommen i 2010.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Aage Skjellum, 2019: Ulsandslekta

Hildur Charlotte Tande, 2007: Hildur Charlotte Tande

Jon Kolden, 2000: Bygdabok for Lom, bind 1

Geni.com

Kari Bakke Storvik, 2022: Uppi Synsliom

Olav Kvarberg / Aksel Steen

Seeiendom.no

Norske gardsbruk 1997

Gurivastugu – Landebrustugu

Guri Iversdotter 1854-1936 var dotter til ugifte Anne Svendsdotter Kampen 1830-1904 og Iver Andersen Synslien. Guri vart i 1883 gift med Iver Syversen Dalestugu 1850-1924, son til Syver Nilsen 1828-1904 og Guri Johannesdotter Runningen i Kveom 1826-1912. Frå 1887 til 1920 vart Guri og Iver nemnde i Landebrustugu og dei kan ha budd der seinare også. Iver var

i 1900 gardsarbeidar, Guri oppheldt seg på Fellese som budeie. I 1910 budde jordbruksarbeidar Iver S. Dahl som han da kalla seg i Landebrustugu, medan Guri var budeie på Sunde. Landebrustugu vart også kalla Gurivastugu og låg like sør for Lande sør for det nye krysset ved Randen. Guri hadde før ekteskapet barn med gift mann Ole Nielsen f.1836 frå Lom:

Anne f.1880, til Amerika i 1912

Guri og Iver fekk 4 barn:

Ole 1882-1897

Syver f.1887

Guri 1890-1898

Jakob f.1894

Det budde folk i Gurivastugu til 1960-åra da stugu vart rivi i samband med vegutviding.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lande

Anders Akselsen f.ca.1796 var i 1865 husfar med litt jord på Lande. Anders Landet vart nemnd i liste over husmannspengar i 1833. Anders var son til Axel Axelsen f.ca.1763 og Rønnaug Hansdtr. f.ca.1765 som var inderstar under Storvik i 1801. Anders vart 1817 gift med Ymbjør Andersdotter f.ca.1797, i 1875 var dei føderådsfolk. Anders og Ymbjør hadde 2 barn:

Kari f.1817

Kari f.1822 d.etter 1900, neste brukar

Kari vart 1845 gift med Østen Knutsen Kloneseige f.ca.1818 d.1885 son til Knut Pedersen Kloneseige. I 1875 var det Østen som brukte plassen. Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Lande under Helle. Bruka i Stranden var ikkje ordinære husmannsbruk med arbeidsplikt, og forskjellen vart at festeavgifta skulle betalast til Helle i staden for Stranden sameige.

Østen og Kari hadde 5 barn:

Imbjør 1845-1855

Knut 1848-1932, neste brukar

Rønnoug 1854-1861

Ingeborg f.ca.1863

Anders 1865-1941, g.m. Rønnaug Olsdtr. Tøfte 1859-1949. Til Håkenstadneset og Tøfte.

Knut Østensen Landet var i 1900 husmann med jord på Lande under Helle. Knut 1848-1932 vart 1878 gift med Mari Johannesdotter Sveum 1855-1938 dotter til Johannes Amundsen Sveum. Knut og Mari hadde 8 barn:

Østen f.1877
Johannes f.1881
Iver f.1886
Ymbjør f.1888
Anders 1890-1914
Kari f.1893
Rønnaug f.1895
Mari f.1898

Lande gnr. 69 bnr. 14 vart frådelt frå Helle i 1987 med skjøte til Anton Randen f.1921.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997

Randen – Søre Randen

John Arnesen f.ca.1791 d.1880 var i 1865 husfar på søre Randen. John Arnesen Sønstlien vart 1825 gift med Anne Jonsdotter Raastad f.ca.1787 d.1867. Ved barnefødsel i 1831 var dei på Randen. John og Anne hadde 2 barn:

Rønnaug 1825-1895, ugift i Randen i 1865, ho hadde med Peder Anders Lysaker, Heidal 1 barn: John f.1848

Med enkjemann Ole Pedersen Skultbakken hadde Rønnaug 4 barn:

Ragnild f.1856, til Rennebu 1875
Anne f.1859, til Rennebu 1875, til Hønefos 1887
Ole f.1863, til Kristiania 1889
Knut f.1872

John 1831-1902, neste brukar

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Randen under nordgard Viste. John var i 1900 husmann med jord på Randen under nordgard Viste, i 1875 var han brukar av plassen samt murar. John vart 1854 gift med Mari Johannesdotter Hougen f.ca.1830 d.1861 dotter til Johannes Thorsen Sandbueige. John og Mari hadde 3 barn:

John f.1853, til Aalesund 1871, til Romsdalen 1878
Ragnild f.1856, til Rennebu 1879
Anne f.1859, til Rennebu 1872

John vart gift på nytt med Thora Hansdotter Lyeeige f.ca.1830 d.1892. John og Tora hadde 2 barn:

Hans f.1854, g.m. Mari Iversdtr. Strondstugu f.1853

Mari f.1862, g.m. Iver Sylfestsen Bø f.1861

John vart 1893 gift på nytt med Guri Paulsdotter Rusten f.ca.1852 d.1921 dotter til Paul Syversen. John døydde i 1902, i 1910 budde Guri i nedre Bakken i Synslien. John og Guri hadde 1 barn:

Ole f.1894

Anders Olsen Randen 1870-1955 var i 1920 bygningsmann. Han hadde vore brukar sidan 1902. Anders var son til søre Løken f.1838 og Rannei Johannesdotter Solhjemseie, Sel 1831-1915, i 1891 var den familien på Randen i Holungsøyen. Anders vart 1901 gift med Ymbjørg Olsdotter Dalen 1881-1972 dotter til Ole Knutsen f.1843 og Ragnhild Olsdtr. f.1847. Anders og Ymbjørg hadde 6 barn:

Ola 1902-1978, g.m. Rønnaug Bakke

Hans 1904-1961

Knut f.1905

Ragnhild 1909-1976, g.m. Sigurd Rønningen, Ringeby

Knut 1915-1994, g.m. Anna Flåten, Lom. Til Barhaugen i Lom.

Anton 1921-1992, neste brukar

Anders hadde med Thora Larsdotter Kleven f.1875 sonen

Ole 1897-1982, g.m. Anna Reiremo 1901-1994. Til Reiremo

Anders hadde med Mari Larsdotter Runningen f.1870 dottera

Ymbjør f.1899

Randen gnr. 83 bnr. 3 vart frådelt frå nordgard Viste gnr. 83 bnr. 1 i 1956 med skjøte til Knut A Randen. I 1968 var det skjøte frå Knut til broren Anton. Anton vart 1953 gift med Anna Marie, Våler i Solør f.1925 dotter til Marius Elsetrønning f.1897 og Astrid Henriksen, Åsnes f.1904. Anton og Anne Marie hadde 1 barn:

Anders f.1961, neste eigar

Anders overtok i 2001.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nørdre Randen – Øvre Randen – Per-randen

I følgje stadnamnkart låg Per-Randen ovanfor fjellvegen aust for både Øygardsnesranden og Kvassranden.

Peder Thorsen f.ca.1828 var i 1865 husfar og sagnarbeidar på nørdre Randen, i 1875 husmann med jord på det som da vart nemnd som øvre Randen i almenninga. Peder Thorsen

Kvarbergseige Stavseng var son til Thor Siverson. Peder vart 1857 gift med Brit Ingebrigtsdotter Ulsanden f.ca.1821 d.1884 dotter til Imbrekt Olsen Ulsanden. Ved barnefødsel i 1857 står det at Peder var tenar på Stavseng og var frå Bergum på Lesja. I 1900 budde Peder hjå dottera på Stavseng. Peder og Brit hadde 2 barn:

Thor 1857-1891

Anne f.1859, g.m. Ole Olsen Valbjørsløkken 1856-1938. Til Stavseng.

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom midtre Randen under Helle, det kan vera denne plassen. I 1900 var Iver Sylfestsen Bø 1861-1904 husmann utan jord på Randen under Helle. Iver var gift med Mari Johnsdotter Randen 1862-1945 frå søre Randen dotter til John Johnsen Randen 1831-1902 og Thora Hansdotter Lyeeige f.ca.1830 d.1892 Iver og Mari hadde 4 barn:

Sylfest f.1888

Ragnvald 1893-1977

Ragnild f.1900

Thea 1900-1988

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997

Kvassranden

I følgje stadnamnkart låg Kvassranden utanfor fjellvegen aust for Øygardsnesranden.

Den ugifte Marit Syversdotter, Heidal f.ca.1818 budde i 1865 og 1875 på Qvasranden. Ho var dagarbeidar i 1865. Marit hadde 1 barn:

Rønnaug Larsdr., Heidal f.1842

I 1865 var Rønnaug inderst på søre Fjerdingsren, i 1875 dreiv ho med handarbeid på Kvassranden. Rønnaug hadde 1 barn:

Ole Andersen, Heidal f.1865, til Linnerstugu.

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Kvassranden under nordgard Valde.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øygardsnesranden

I følge stadnamnkart låg dette ovanfor fjellvegen vest for Kvassranddokka, men at fjellvegen går over det meste av heimen. Øygardsnesranden har også vore kalla Berteranden og Thorøstugu.

Ole Hansen Nasset f.1801 frå søre Stokstadnesset var son til Hans Olsen Nasset f.ca.1760 d.1842 og Torø Ingebretsdotter f.ca.1774 d.1861. Ole var gift med Berte Larsdotter f.ca.1797 d.1873. Ole og Berte hadde 1 barn:

Thora f.1831

Den ugifte Thora Olsdotter f.1831 budde i 1865 og 1875 på Ødegaardsnæsranden i almindingen. Thora hadde 2 barn:

Ole Johnsen f.1863

Anne Hansdtr. f.1873

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Øygardsnesranden under sygard Valde. Randen gnr. 85 bnr. 11 vart frådelt frå sygard Valde i 1913 med skjøte frå Ola N Valde til Knut Ødegaardsnesset for kr 78.

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øygardsneset – Odnes

Erland Nasset eller Erland Øygaardsnæsset vart nemnd i liste over husmannspengar i 1780.

Ole Erlandsen var i 1801 brukar av plassen Øygardsneset. Ole f.ca.1754 d.1827 vart 1784 gift med Imbjør Arnesdotter f.ca.1757 d.1829. Ole og Imbjør hadde 3 barn:

Imbjør f.1786

Guri f.1793

Erland f.ca.1799, neste brukar

Erland Olsen f.ca.1799 var i 1865 og 1875 føderådsmann. Erland vart 1825 gift med Ane Nilsdotter Visdal f.ca.1794. Erland og Ane hadde 1 bbarn:

Ole f.1828, neste brukar

Ole Erlandsen vart 1850 gift med Marit Trondsdotter Berge f.ca.1818 dotter til Tron Sevaldsen Berge. Ole og Marit hadde 2 barn:

Erland 1850-1850

Erland f.1852

Marit vart 1855 gift på nytt med Thore Olsen Sandebakken f.ca.1824. I 1865 var Thore forpaktar på Øygardsnessæter med plassen Øygardsneset i almenninga. Thore og Marit hadde 4 barn:

Anne f.1855

Anne f.1857, til Amerika 1875

Ragnhild f.1860, til Amerika 1875

Kari f.1863, til Amerika 1875

Ved utskifting av Stranden sameige i 1877 kom Øygardsneset under Lye. Bruka i Stranden var ikkje ordinært husmannsbruk med arbeidsplikt, og forskjellen vart at festeavgifta skulle betalast til Lye i staden for til Stranden sameige.

Ole Erlandsen Nordahl 1832-1906 var i 1875 sjølveigar av sætra og bataljonstambur. I 1865 var Ole husmann med jord på søre Kviten. Ved barnefødsler var familien på Øygardsneset i 1868 og 1876. Ole var frå Aabakken som han overtok med skjøte i 1878. Den gamle Øygardsnessætra vart seld i 1880. Ole var gift med Kari Olsdotter Storøygarden, Garmo 1836-1889. Ole og Kari hadde 4 barn:

John 1861-1948, g.m. Rønnaug Torsdtr. Sandnes s. 1861-1929

Lena 1864-1921, g.m. Ole Pedersen Gjelbakken 1864-1926. På Aabakken

Rønnaug 1868-1871

Rønnaug 1876-1951

Rasmus Knutsen Brun f.1855 var i 1900 gardbrukar på Ødegaardsnesset. I Norske gardsbruk står det at han kjøpte garden i 1884 og sætra i 1895. Øygardsneset gnr. 67 bnr. 7 vart 1893 frådelt frå Lye med skjøte 1894 frå justisdepartementet til Rasmus Knutsen Brun for kr 1300. Rasmus var gift med Ymbjør Olsdotter Ødegaarden Barbrostugu f.1854, dei hadde 7 barn:

Knut f.1878, neste brukar

Rannei f.1885

Ole f.1888

John f.1890

Anne f.1893

Jakob Bjarne f.1895

Iver f.1900

I 1908 var det skjøte frå Rasmus Brun til sonen Knut Rasmusen Ødegaardsneset for kr 1000 samt føderåd verdsett til kr 1500. I 1918 vart det tinglyst at namnet vart endra til Odnes. Knut var gift med Eldrid Andersdotter Aasheim f.1887. Knut og Eldrid hadde 6 barn:

Rikard f.1910, neste brukar

Mari f.1912

Ymbjørg f.1914

Barbro f.1916

Anna f.1920

Ola f.1922, seinare brukar

Rikard overtok etter faren i 1940. Rikard var gift med Marit Nygård, Harstad 1912-1981.

Ola overtok etter broren i 1970. Ola var gift med Kari Visdal f.1924. Ola og Kari budde i søre Ringneset. Øygardsnessætra vart frådelt i 1987. Ola og Kari hadde 5 barn, bl.a.

Knut f.1948, neste brukar

Hanna f.1954, g.m. Terje Erik Berget

John Egil f.1960, g.m. Åse Bruøygard. På Øygardsnessætra

Ivar f.1963, gift/skild m. Marit Ulvolden

Arnt f.1966, sbm. Ann Kristin Steinfinnsbø

Knut overtok etter faren i 1987. Knut vart 1979 gift med Bodil Uhlen, Nord-Fron f.1955 dotter til Erling Uhlen f.1918 og Solveig Berg, Øyer f.1930. Knut og Bodil har 2 barn:

Bernt f.1981

Eldrid f.1985

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister/grunnbok mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 – 1997